


Årsmelding for 2024



Styret

Kirsten Asheim – styreleiar

Kinga Husabø - nestleiar

Målfrid Tenold Holen – styremedlem

Ann Cecilie Rinde – styremedlem

Sigrid Teigen Kvåle – styremedlem

Hanne Christin Finne – 1.vara

Svein Inge Wold – 2.vara

Rekneskap: Vik Rekneskap v/ Kjell Egil Hopperstad

Revisor: Gyda Bøtun, vara Arne Skeie

Valnemd: Nils Ove Fosse (leiar), Geir Årestrup og Siri Bøthun

Barnas turlag: Brita Helleland (leiar) og Anette Rinde Fosse

DNT-UNG-gruppa : Eirik Langeland Tistel (leiar), Jonas Langeland Tistel, Viljar Vikøren Vikestad og Sigrid Melheim. Vaksenkontakt: Jens A. Melheim

Onsdagsturgruppa: Hildur Turvoll (leiar), Aud Bell Hove og Astrid Drægni

Hyttegruppa: Nils Gunnar Finne (leiar), Kari Vold Olsen, Halvor Flatland

HS Målsethytta: Hanne C. Finne (leiar), Nils Gunnar Finne, Vidar Fosse, Darek Hauderowicz

HS Jashaugbu: Olav Bøthun (leiar) Jarle Breilid og Reidun Ovrid

HS Sylvarnes: Hanne Finne (leiar), Harald Hanekam og Karen Weichert

Sti- og merkegruppe: Nils Gunnar Finne (leiar), Anne Marie Bøtun Øyri, Terje Svein Tryti

Aktivitetar til styret

Det blei halde totalt 9 styremøte. Med 3 nye styremedlemmar brukte me litt tid for å diskutere Vik Turlag og kva me vil. UNG-gruppa treng hjelp, men me har dessverre ikkje funne noko løysing. Møtet i oktober var på Målsethytta. Nils Gunnar hadde fyrt i omnen og me fekk omvisning etter møtet. Styret er imponert over arbeidet som er gjort, det er mykje og godt arbeid!

Nils Gunnar Finne representerte Vik Turlag på årsmøtet i DNT Sogn og Fjordane på Skei i mars 2024. Fellesmøtet for alle lokallaga i Sogn og Fjordane var i Førde 30. og 31. oktober. Kari Vold Olsen deltok. Dag Terje Solvang var i Sogndal og inviterte til informasjon med lokale turlag. Hanne og Kirsten deltok der.

Våre medlemmer som har verv i DNT Sogn og Fjordane

Karen Weichert – nestleiar

Jon Arne Kvåle – medlem i Kurs- og Fjellsport

Rekneskap

Laget har i år samla driftsinntekter på kr. 331.960 mot kr 211.797 i 2023.

Då me har flytta årsmøtet til slutten av januar er rekneskapen for 2024 for 14 månader. Summane er difor ikkje heilt samanliknbare. I tillegg har Vik Rekneskapskontor skifta program som rekneskapen er ført i, slik at ikkje alle tala frå 2023 viser. Men resultatet viser eit overskot på kr 148.377 ☺ Eigenkapitalen er på heile kr 936.466,- Viser til resultatrekneskapen for 2024 for meir utfyllande informasjon.

Turkart

Me har i framleis att av dei reviderte turkarta. Lager viser 68 stk, det vil truleg halde i år. Me bør komme i gang med arbeid med nytt turkart i løpet av hausten.

Undergruppene

Barnas Turlag (BT)

Postkassene til Turbotrimmen

Kassane vart hengt ut på følgjande plassar:

- Hang
- Brandholten
- Klepp
- Leikeplassen i Steimsskogen (fastmontert kasse)
- Lee i Framfjorden (fastmontert kasse)
- Ovriseaggi
- Fyrjaeggi
- Kongsgardhovden/Håakluken, Feios

Me fordelte ansvaret for kassane. Styret i BT la ut føredpurnad på FB, i tillegg til at me spurde nokre direkte. Kassane vart hengt ut etter kvart som snøen trakk seg attende, og når dei ulike kassane var på plass vart det publisert på FB. Kassane vart teke ned att etter siste helga i haustferien. Dei 33 barna som hadde fleire enn sju turar fekk premie under Nisseturen, uavhengig av om dei er medlem eller ikkje. Me sjekka ikkje opp i medlemsregisteret.

Bøkene som låg i kassane ligg på lageret til Vik turlag. Det vart dessverre gløymd ut å telja opp kor mange som gjekk til dei ulike kassane.

KDU

Me arrangerte to KDU-dagar. I februar vart det igjen arrangert eit felles opplegg med skigruppa, med både KDU og skikarusell. Sidan Nisseturen vart avlyst vart det premieutdeling for Turboturane på KDU. Turboreven delte ut premiane, og det var sjølv sagt stor stas. Over 100 deltok også i år.

I september arrangerte Brita Helleland KDU på Leikeplassen i Steimsskogen. Turboreven kom på besøk, til stor glede for både store og små. 27 stk deltok. Det var rebus på vegen opp Hagavegen, og grilling av pølser og epaledessert på leirbålet.

Fellesturar

- I mars var det kveldsmattur i Tenoldsmarki. 15 foreldre og 20 born kosa seg med leik og kveldsmat ein fin vårveld i mars. Turleiar var Ørjan Undi Lunde og Annelin Ese.
- I april var det planlagt skileik og aking på Fosse, men arrangementet vart avlyst grunna dårlig vær.
- I mai gjekk 22 store og små på tur langs gamle skulevegen frå Limmesand til Åneset. Turleiar var Joar Tistel og familien.
- I juni vart planen frå i fjor om hesjing i Feios med Bygdekvinnelaget endeleg gjennomført. Svanhild Nordens hadde hovudansvaret for gjennomføringa av ein kjekk og lærerik dag for dei 15 deltarane.
- I august var det planlagt fellestur til Stedjestølen, men pga at turleiaren ikkje kunne stilla likevel måtte turen avlyssast.
- I september gjentok me suksessen frå i fjor med bergkrystalljakt i området rundt Skjelinganosi. 44 personar deltok på turen. Kjetil Sagerøy var turleiar.
- I november gjekk lommelyktturen opp mot Leikeplassen. Lisbeth Langbakk var turleiar. 17 små og store deltok.
- Året vart avslutta med nissetur ved Nyastøl- tidisjonen tru. Arrangør var Hilde Tenold m/ familie. Rundt 50 små og store deltok. Brita Helleland stod for premieutdelinga knytt til Turboturane.

Ymse

I samarbeid med sti- og merkegruppa er eine vegen opp til Steinshagen naturleikeplass skilta. Nils-Gunnar Finna laga fleire skilt klare, som skal hengast opp når siste del av Hagavegen er ferdigstilt. Denne jobben skal Brita Helleland ta seg av.

Det vart hengt opp eigen postkasse på leikeplassen med ei slags besøksbok. Det var ikkje mange som skreiv seg inn her, kanskje fordi dei nøya seg med å skriva inn i Turbokassen som hang attmed?

Me søkte og fekk midlar til jentecamp, men Brita Helleland hadde ikkje kapasitet til å vera turleiar i år. Me lukkast heller ikkje i å få tak andre som kunne vera turleiar.

Mange fekk hengekøyer i premie for Turboturane. Kanskje ein felles hengekøyetur hadde vore noko neste år?

Overgang til nytt styre/leiar

Både Anette Rinde Fosse og Brita Helleland har bestemt seg for å avslutta vervet i Barnas turlag. For at arbeidet med Barnast turlag ikkje skal bli for omfattande vil me tilrå at styret i Vik turlag tek hovudansvaret for KDU.

Brita Helleland er tilgjengeleg for nytt styre/leiar i Barnas turlag for informasjonsoverføring/årshjul.

Turboreven er lagra heime hjå Brita Helleland. Styret i Vik turlag må finna ein annan egna plass for kostymet.

Brita Helleland

UNG-Gruppa

UNG-gruppa I år har DNT ung gruppa i Vik ikkje hatt nokre store arrangement. Dette er på grunn få medlemmar og lite interesse.

Eirik L. Tistel

Onsdagsturgruppa

Starten for onsdagsturane i år gjekk den 24. april med 9 deltagarar. Turen gjekk rundt Sylringen. Gruppa har gjennomført 15 turar i år. Turen den 07. august (Fossfjellet) måtte me leggja om då det var ein del skodde i høgda. Me gjekk frå riksvegen til Årebotn i staden. Ellers gjekk turane etter planen.

Me har hatt eit snitt på 16,7 deltagarar per tur som er ein liten auke samanligna med i fjar. På dei 15 turane har det total delteke 250 stk. Me har fortsatt god deltaking av våre nye landsmenn.

Siste turen vart gjennomført 28. august med 23 deltagarar. Me var først ein tur på Valanipa. Det både regna og blåste ein del, så det var godt å komma til ei varm Målsethytta der me avslutta med ei matøkt og lotteri.

Hildur Turvoll

Hyttegruppa

Nils Gunnar Finne (leiar), Kari Voll Olsen og Halvor Flatland har vore med i gruppa. Det har vore eitt møte i gruppa, 19. nov. Elles mykje på e-post og telefon.

Det praktiske arbeidet vart konsentrert nesten berre om Målsethytta dette året. Her vart det utført mykje arbeid, spesielt i haust. Alt arbeid er utført som dugnad. Kva som er utført er beskrive under kapitelet om «Målsethytta». Standarden er etter kvart nokså god, bl.a. dette gjev seg utslag i auka besøk. På Sylvarnes er det laga ny kjellartrapp med luker over. Me har planlagt, prosjektert og bygd ny bru over Gila, på stien mot Ortevik. Denne var heilt nødvendig for å kunna bruka denne stien, elles ville besøket på «Skulehuset» vore vesentleg mindre. Turlaget har ikkje teke på seg noko framtidig vedlikehald av bruha. På Jashaugbu har det mest vore det rutinemessige driftsarbeid.

Hyttegruppa har søkt om midlar til prosjekt på Målsethytta. Det gjeld søknad til DNT; «Tilgjengeleghetsstiltak for funksjonshemma». Me sökte om 75.000,- og fekk til slutt utbetalt mellom 81.000,- og 82.000,- på grunnlag av det utførte arbeidet. Det vart søkt til Sogn Sparebank om midlar til renovasjon av kjøkken. Me fekk 50.000,- til dette.

Visbook/Hyttebestilling er DNT sitt system for førehandsbestilling og betaling. Mange av DNT-hyttene brukar systemet. Me har brukt ein del tid for å setja oss inn i bruken, og vil komma med ei positiv innstilling til styret i turlaget om å ta systemet i bruk. Det er via app på telefon, men framleis kan ein bestilla via e-post eller telefon.

Hyttegruppa har fått spørsmål frå Olav/Grete Dale om å kjøpa hytta deira i Rivedalen. Dette vil verta vurdert i løpet av året som kjem.

DNT vil prøva å innføra felles prisar for sjølv- og ubetente hytter frå 2026. Pr. no har DNT tilrådde prisar. Vik Turlag sine prisar ligg litt/noko under desse. Me vil følgja med kva som skjer vedrørande dette.

Me er i gang med å forbetra innhaldet i UT.no -sida (Hanne), med oppdatert tekst og foto. Arbeidet vil halda fram, ønskjeleg også med engelsk og tysk tekst.

Nils Gunnar Finne

Sti- og merkegruppa

Nils Gunnar Finne (leiar), Terje Svein Tryti og Anne Marie Bøtun Øyri. Me har ikkje hatt møte i 2024, men kjem snart til å ha planleggingsmøte for 2025.

Det har vore noko vedlikehald på DNT-merka stiar i vårt område. Men dette må gjerast meir omfattande og systematisk i året som kjem. Oppfølging av vedlikehaldsplan som er laga tidlegare.

Ein god del skilt er skada eller manglar, og dette må følgast opp. Det er laga og montert ein del skilt til stiar som ikkje er DNT-merka, mellom anna til Leikeplassen i Steimsmarki. Stiar er rydda for busker, sikra, osv.

Frå turistnæringa m/fl. er det fokus på rydding og merking av stiar som er lett tilgjengeleg for turistar. Eksempel er Sutastigen. I året som kjem vil det truleg verta gjort ein del innsats på slike.

Det er også søkt til Sogn Sparebank om pengar til merking og vedlikehald av stiar. Her har me ikkje fått svar.

Nils Gunnar Finne

Medlemstal

Alderssamansettning pr 31.08.2024

	2021	2022	2023	2024
0-13	41	43	44	53
14-26	27	28	33	36
27-49	41	42	41	41
50-66	48	45	48	45
67- 82	30	26	31	34
Totalt	187	184	197	209

Styret er veldig glad for auka medlemstal. Me ser at auken kjem i aldersgruppa 0-13 år noko som igjen speglar den gode jobben som har vore gjort i BT.

Vik Turlag har i år gjeve ut sin vanlege **informasjonsfaldar**. Denne vart delt ut i barnehagane og 1.-4.klasse på skulane. I tillegg vart faldaren tilgjengeleg på fleire kontor og delt ut på Gamalostfestivalen. Det blei laga ein fellesplakat for alle turane, denne vart hengt opp rundt om i kommunen. Turane blei annonsera på nettsida og Facebooksida til VT.

Turar som me legg på nettsida vår vert tilgjengeleg for alle gjennom felles søkemotor. Ein kan søke heile landet, filtrert på tidsrom, varighet, arrangør, turområde, type aktivitet, kven det høver for og vanskeleggrad.

Turar og turpostar

	Turar		Deltaking	
	2023	2024	2023	2024
Barnas Turlag	8	6	174	183
Onsdagsturar	13	15	201	250
"Kom deg ut" dagar	2	2	100	100
Opptur 8.klasse	1	1	33	26
Søndags- og helgeturar	8	6	64	77
Totalt gjennomførte	32	30	672	636
Avlyste	4	4		

I lag med Voss Utferdsdag arrangerte me i år skitur til Havren med 36 deltagar!

På dei andre dagsturane var det frå 5 til 11 deltagarar og pga. veret vart dessverre 2 av dagsturane avlyste. KDU-vinter var arrangert i lag med ski-gruppa i Vik IL, med god deltaking, talet er 'over 100'.

Det er gledeleg å sjå at deltaginga på onsdagsturane og Barnas Turlag sine fellesturar framleis er høg. Dette er veldig positivt og styret set pris arbeidet som vart gjort.

Digitale turpostar

Det er per i dag 15 digitale turpostar som er publiserte i Vik turlag sitt område. Desse blir administrerte i UT.no. Det finst fleire upubliserte turpostar, men desse manglar enten betre tekst eller bilet, som er eit krav for publisering.

Turpost-besøk mellom 01.01.2024 – 01.01.2025

Brandholten	2	Halldorslifossen	3	Løa ved Gunnarsetestien	6
Breiddalsvatnet	1	Håaklukjen	3	Målsethytta	1
Daurmålshaugen	26	Holten	3	Ramnaberg	1
Gamle skulehuset på Sylvarnes	7	Jashaugbu	0	Soleisete	2
Gunnarsete	8	Kvitnjuk	2	Synshovden	6
2022 -71		2023- 69		Innsjekk 2024	72

I 2023 skreiv me at dette må verte eit av satsingsområda til neste år . Det må me dessverre skrive i år også!

Opptur for 8. klasse

Vik Turlag arrangerte opptur for 8.klasse ved Flatbygdi skule mandag 13.05.24.

Opptur er ein nasjonal turdag der 8.klassinger over heile landet blir invitert til ein dag med friluftsliv, fysisk aktivitet og naturopplevelsingar.

Vik Turlag tok med 8.-klassingane på ein fin rundtur denne dagen. Det var 26 elevar, 3 lærarar og 3 turleiarar. Turlaget delte ut forfriskingar, smoothie og juice, til kvar elev før turstart.

Turen gjekk frå Stadheim opp til Varpet og ned att Tenoldsmarki. På Varpet hadde me lunsjpaus med Quiz. Som premie fekk kvar og ein kvikklunsj sponsa av turlaget. Elles fekk vinnarlaget ein ekstra kvikklunsj kvar.

Takker for godt samarbeid mellom Vik Turlag og Flatbygdi Skule.

Turleiar Ann Cecilie Rinde

Hyttene

Målsethytta

Hyttestyret for Målsethytta har i 2024 bestått av:

Hanne Chr Finne, Nils Gunnar Finne, Vidar Fosse og Darek Hauderowicz.

Vi har ikkje hatt noko styremøte, men kontakt pr. telefon, meldinger, e-post og direkte kontakt med dei andre i hyttestyret.

Det har vore eit godt år med mange overnattingar. I år har vi hatt overnattingar både av 4H klubb, skuleklassar frå Voss og Vik, friluftslivstudenter frå både Bergen og Sogndal.

Kreklingsus, ein festival for masterstudenter frå ulike land som studerer i Bergen. Dei budde i telt rundt omkring hytta, og nokre få inne i hytta.

Dei hadde ei fantastisk helg på Målsete, tippar dei kjem att neste år.

Besøket i år er:

Dagsbesøk: 41 personar, inkludert avslutning onsdagsturane og styremøte.

Overnatting: 731 personar som er registrert.

Telt: 125 personar.

Det er mange nasjonalitetar;

Norge, Østerrike, Frankrike, Tyskland, Sverige, Nederland, Ukraina, Spania, Belgia, Sveits, Danmark, Catalonia, Amerika, Tsjekkia, England, Skottland, Baskerland og Kenya.

Det har vore mykje jobbing på hytta i 2024. Kjøkkenet er blitt totalt renoveret, mala gamle skap, mala vegger og bjelker, panelt og mala taket mellom bjelkene, fått oppvaskplass, noko nytt utstyr. Alle skap og skuffer er merka med kva som skal være der. Ein skuff er tilpassa for personar med funksjonsnedsetting.

Me fekk midlar frå Sogn sparebank til kjøkkenet.

Ferdig med det siste soverommet i 2. etasje. Der har me stengt ei dør, og slått saman 2 rom, bl.a. for å tilfredsstilla rømmingsveg ved brann.

Alle soverom har fått namn og nummer, laga skilt og hengt opp (tilpassa Visbook-krav). Justert mange av innerdørene, slik at dei går att.

El-arbeid. Nye leidningar, kontaktar (videreføring av arbeid frå sist år). Montert sengelamper ved alle senger. Nokre nye taklamper og ny utelampe på hovudhytta. El-arbeid utført av Svein Inge Wold og Geir Årestrup. Montering av lamper og det meste av snekring har Terje Tryti og Nils Gunnar Finne gjort.

Oppdatert komplette teikningar på hytta, laga dei til pdf. Laga brannteikning med merka rømmingsvegar som skal hengast opp på hytta. Montert brannstigar frå vindauge på 2 soverom i 2. etasje. Kjøpt inn og montert brannskilt. Montert vêrstasjon.

Flytta eit skap på vaskerommet. Har lagt sklisikringstepper under alle filleryene.

Det har vore fleire dugnadar i løpet av sommarhalvåret. Alle sengklede er skifta og levert til ASVO for vask. Rydding i kjøkkenskap og elles i hytta.

Gjerdet rundt inngangspartiet på Vetlahytta ble satt opp og tatt ned att.

Vi har fylt opp masse dunkar med vatn (nesten 300 liter) som står i hovudhytta.

Varmepumpa fungerer fint, eg kan styre den heimanfrå med mobiltelefonen.

Vi har fått utbetalt det me søkte om til tilgjengelegheitsløftet pluss litt til.

Liste over ting som me meiner må/bør gjerast på Målsethytta.

- Vurderer å skifte ut forbrenningstoiletten som er der til eit nyare eit. Flytte på eit skap til på vaskerommet og montere handikapstøtter ved toiletten.
- Golvet i stova og soverommet nede må målast på nytt.
- Vurderer å laga eit nytt langbord og kjøpe inn nye stolar.

- Det hadde også vore kjekt med nye gardiner, både i stova, kjøkkenet og på soveromma.
- Få på plass nytt brannvarslingssystem.
- Kjøpe inn ein del nye madrassar og dynner, kan søke Olav Thon stiftelsen om det.
- Vi har også snakka om det er mogleg og få gjerda inne hytta, slik at vi slepp å ha grinner. Det vil gjere det enklare for dei som sit i rullestol å komme seg inn i hytta, og vi slepp å ha beitedyra heilt inn til hytta. Dette må me høre med grunneigarane om.
- Vurderer om me skal bygga om inngangspartiet til vetelehytta. Det legg seg mykje snø framfor døra, og det driver snø inn i vindfanget.
- Vurderer også å dele utedoen i 2 deler, då må me ha ein inngang på sørssida også. Det legg seg mykje snø framfor døra til utedoen, slik den er i dag. Det kan være greitt med 2 doer, om det fortsetter å komme mange store grupper.

Hanne Christin Finne

Jashaugbu

Stort sett berre tiltak vedrørande drift, lite vedlikehald. Ingen møter i styret, tilsyn utført av leiar i styret. Ved og gass tilkøyrt. Supplert med nye dynner og puter. Nye sengesett, DNT-type. Ny DNT-nøkkel og protokoll.

Olav Bøthun

Sylvarnes

Hyttestyret for Skulehuset har vore: Karen Weichert, Harald Hanekam og Hanne C. Finne.

Vi har ikkje hatt noko styremøte dette året.

Det har vore 74 dagsbesøk, 119 overnattingar og Barnas turlag Leikanger var der og sov i telt. Har ikkje eksakt tal. I tillegg kjem det dagsbesøk av ukrainarar, i regi av Vik kvinne og familielag.

Det har vore gjester frå: Noreg, Tyskland, Danmark og Ukraina.

Vi hadde vårdugnad, med skifting av sengklede, støvsuging og vasking.

Byte av batteri i brannvarslarar.

Graset rundt skulehuset har blitt klippa ca. 4 gonger.

Det har blitt laga ny kjellartrapp (den gamle steintrappa var rasa saman). Laga nye lemmer over kjellartrappa med hengsler (fullført saman med 2 ukrainarar).

Harald Hanekam har levert ved til skulehuset.

Borghild Hjortland har stengt vatnet og satt på varme.

Det vart laga ny bru over Gila, slik at det var mogleg å gå langs strandene. Den gamle vart teken av snøras. Stor takk til Nils Gunnar Finne med medhjelparar, Sygnir, Statkraft, Opp AS, Rørvik Bygg og Betong og Mørkve trafikkskule som betalte alle kostnader.

Det var også mykje oppryddingsarbeid på stien mellom Sylvarnes og Ortnevik. Mykje skog /rotvelter som måtte ryddast etter ruskeværet sist vinter før stien var farbar.
Det var Harald Hanekam og andre frå strendene som rydda opp.

Hanne Christin Finne

Ymse

Stand på Gamalostfestivalen: I år hadde me stand på Gamalostfestivalen.
Me selde turkart og boka «Opptur Vik» Delte ut turfaldaren. God stemning og ein god del besökande.
I april gjennomførte me kurs i «kart og kompass» Jon Arne Kvåle var god kurshaldar og 9 stk. deltok

Ann Cecilie Rinde er vår nyutdanna turleiari etter å ha fullført turleiarkurs i regi av DNT Sogn og Fjordane

Utstyr

I år har Frivilligsentralen endeleg komme i gang i Vik og dei administrerer utlån av utstyr for oss. Pr i dag gjeld det 4 skredsøkarar, 4 par ski, 6 par truger og 2 par barnetruger.
Me leiger framleis lagerplass i kjellaren under Vik Tannlegesenter. Men der er det no berre teltet vårt, 2 bålpanner og ein del rumpeakebrett. Nøkkelen er deponert i eit nøkkelskap med kodelås ved inngangen.

Sponsor

Vik IT-Partnar, no Sogenett IT, vart Vik Turlag sin sponsor i 2020 . Vik Turlag kan skrive ut plakatar og andre dokument gratis.

Tusen takk til alle som har bidrige til aktiviteten og dugnadane i år!

Vik januar 2025

Kirsten Asheim - leiari